

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkestinget tek saka til vitande.»

Avrøysting

Søviknes sitt forslag fekk 25 røyster (Frp, H, FNB, UA og PP) og fall.
Innstillinga punkt 4 fekk 28 røyster (A, MDG, Krf, SV og R) og fall.
Innstillinga punkt 6 fekk 28 røyster (A, MDG, SV, V, R og 1 Krf) og fall.
Innstillinga øvrige punkt vart vedteke mot 13 røyster (Frp, FNB, UA og PP).

Vedtak

1. Fylkestinget vil tilby elevar og tilsette eit ernæringsmessig godt og variert kantinetilbod. Fylkestinget oppfordrar derfor kantineene til å avgrense sal av sukkerholdige varer i kantineene, og erstatte dei med sunne alternativ der det er mogleg.
2. Fylkestinget er positive til pilotprosjektet om auka bruk av sjømat og frukt og grønt ved at samarbeidet med Fiskesprell vert utvida til å omfatte kantineene ved dei vidaregåande skulane og i fylkesadministrasjonen.
3. Fylkestinget er positive til pilotprosjektet om auka bruk av økologisk, kortreist og berekraftig mat gjennom samarbeidet med Matvalet. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome attende med status for arbeidet og forslag til eventuell utviding av prosjektet i 2022.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen i samarbeid med bedriftshelsetenesta leggje til rette for auka kunnskap om eit sunt og ernæringsmessig godt kosthald blant alle tilsette.
5. Fylkestinget forutset at arbeidet med å redusere matsvinn i fylkeskommunal verksemd held fram og har høg prioritet.
6. Fylkestinget føreset at fylkeskommunen nyttar norske råvarer så langt som mogleg.
7. Vestland fylke er landskap som er prega av matproduksjon. Kortreiste råvarer som bidreg til å halda landskapet i hevd og auka etterspurnaden bør prioriterast i ulike menyar ved kantineene i fylkeskommunen.
8. Fylkestinget ønsker at det blir samarbeida med dei private kantineene for at desse vedtaka også skal gjennomførast der. Fylkestinget legg til grunn at desse krava skal gjelde ved framtidige avtalar med private kantinedriftarar.